

Bergen, den 29. desember 2014

## INNKALLING TIL FYLKESÅRSMØTE

Hordaland Venstre kallar med dette inn til fylkesårsmøte

**laurdag 7. og søndag 8. februar 2015**  
**på Thon Hotel Sandven i Norheimsund**

På fylkesårsmøtet vil ein handsama saker i samsvar med vedtektene. Sjå eiga sakliste.

Vi tek sikte på å starta møtet laurdag kl. 11.00 Registrering frå 10.00.  
Avslutning seinast 15.30 søndag. Endeleg program kjem kring 15. januar.

### Kostnad:

**Lokallagsleiar pliktar å informera utsendingane om prisane om laget ikkje dekkjer alt for dei!**

Overnatting i enkeltrom inkl. full pensjon pr. person	kr 2.015,-
Overnatting i dobbeltrom inkl. full pensjon pr. person	kr 1.690,-
Overnatting i fleirmannsrom/leilegheit (3+) inkl. full pensjon pr. person	kr. 1.575, -

(Prisen inkluderer: overnatting m/frukost, lunsj begge dagar, 3-rettars middag laurdag, møterom og kaffipausar begge dagar)

**Alle buande utsendingar må sjølv gjera opp med resepsjonen om ikkje anna er avtalt med fylkessekretæren på førehand.**

### Kostnad for ikkje-buande:

Kurspakke laurdag - møtelokale, lunsj og kaffipausar	kr. 525, -
Kurspakke søndag - møtelokale, lunsj og kaffipausar	kr. 525,-
3-rettars middag laurdag	kr. 430, -

Fyll ut medfølgjande fullmaktskjema og returner det til Hordaland Venstre

**innan 22. januar 2015**

Antal utsendingar: Representasjonsretten er gjort kjent i medfølgjande skriv, men ring Venstrekontoret om du har spørsmål.

**Frist for innsending av vedtektsendringar er allereie 5. januar 2015!**

**Frist for innsending av fråsegner til fylkesårsmøtet, er sett til 28. januar 2015**

**For fylkesvalprogrammet gjeld eigne fristar. Meir informasjon kjem om dette.**

Med helsing  
Hordaland Venstre

Geir Kjell Andersland (s)  
fylkesleiar

Gro Gjelsvik  
fylkessekretær